

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 28.02.2018  
Vår ref.: 2018/7875-2  
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy  
Tlf: 932 49 179

«KONTAKT»

## **Bremnes Seashore AS - søknad om å auke MTB på lokalitet 25815 Tittelsnes i Sveio kommune**

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 21.02.2018 frå Bremnes Seashore AS, org. nr. 836597702, om å auke maksimalt tillaten biomasse (MTB) på lokalitet Tittelsnes i Sveio kommune.

Lokalitet Tittelsnes er i dag godkjent for MTB på 2340 tonn. På lokaliteten ligg det eit anlegg med 6 merdar med 160 meter omkrins. Det vert søkt om å auke MTB til 3120 tonn utan andre endringar på lokaliteten.

Søknaden er grunngjeve med at selskapet dei siste åra har gjort ei rekkje tiltak for å betre fiskehelse og fiskevelferd og for å ha betre kontroll på lakselus. Mellom anna innføring av koordinert brakklegging. Selskapet har frå 2019 planar om utsett av storsmolt og får dermed redusert produksjonstid i sjø, og reknar med ytterlegare betra kontroll med sjukdom, lakselus og handteringsdødeligheit i samband med avlusing.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2017- 06-21-854). Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort rede for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriterier i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplysast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Sveio kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar. Eventuelle merknader frå offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Bremnes Seashore AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf. 932 49 179 eller e-post til [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing  
Vibeke Lokøy